



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

## Møtebok

Det var møte i

<b>Utval</b>	Kyrkjeleg fellesnemnd
<b>Møtedato</b>	Onsdag 12.september 2018
<b>Møtetid</b>	Kl. 16.00-18.00
<b>Møtestad</b>	Møteplassen, Meland kyrkjekontor

### Desse møtte:

#### Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:

Ivar Eidsheim  
Turid Sporsheim Tvedt  
Harald Osland Øvretveit

#### Frå Radøy sokneråd:

Grethe Lunde  
Gunnar Kartveit

#### Frå Meland sokneråd

Bent Gunnar Næss  
Einar Reigstad

#### Frå kommunal fellesnemnd:

Bjarte Vatnøy

#### Geistleg representant:

Helge Taranrød (prost i Nordhordland)

#### Forfall:

Ingen

**Kyrkjevevjene** i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug

#### Meldingssaker

- M - 6/2018 Kirkepartner IKT – framdrift v/Audun Sylta
- M - 7/2018 Nytt rekneskapssystem v/Audun Sylta
- M – 8/2018 Økonomi, økonomiplan og tenesteyting v/Torgeir Paulsen

## Sakliste

### **F -21/2018            Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

### **F - 15/2018            Godkjenning av møtebok frå 30.05.2018**

#### **Vedtak:**

Møtebok frå 30.05.2018 vart godkjent.

### **F - 23/2018            Organisering og lokalisering av tilsette og kontor - drøftingssak**

Kyrkjeverge i Meland, Anne Sofie Nergård Uthaug presenterte « Innspel til organisering og lokalisering av tilsette og kontor». Etter at fellesnemnda hadde saka til orientering 30.05.2018 har dei fleste sokneråda og nokre grupper tilsette kome med uttale. Desse er vurdert og innarbeidd i innspelet. Kyrkjevergene og AU har i felleskap kome med sine første signal til fellesnemnda, jf. s.19 i dokumentet.

Fellesnemnda peikar på at det er viktig å vera synleg i lokalsamfunnet. Vi må ta vare på vår lokale forankring og sikre dette gjennom å vera dei stadene det i dag er kyrkjekontor. Vi må vera tett på folk med dei stillingar som har kontakt med og skapar relasjonar til innbyggjarane; trusopplærar, diakon, organist og prest.

Fellesnemnda peikar vidare på at alle sokneråda må få same sekretærfunksjon og at rekneskapen for sokna vert ført av fellesrådet.

Når det gjeld dagleg leing i sokna er fellesnemnda delt i korleis dette skal løysast. Den beste løysinga vil truleg vera å ha dagleg leiar i alle dei 5 framtidige sokna i Alver, men dette kan verte krevjande økonomisk. Fellesnemnda peikar på modellane b og c, jf. s. 12 og 13 i dokumentet som mest tenlege for det nye fellesrådet. Den største skilnaden er at modell c har dagleg leiar i motsetning til modell b.

Kyrkjevergene får i oppdrag å rekne på alternative løysingar og modellar. I første omgang melder dei tilbake til AU som vil drøfte spørsmålet i sitt neste møte.

Fellesnemnda tek sikte på å gjera vedtak i saka på sitt møte i november 2018. Tilsette, arbeidsgrupper og sokneråd har framleis høve til å koma med innspel til prosjektleing og fellesnemnd i dei komande vekene.

**Vedtak:**

Kyrkjevergene får i oppdrag å rekne på alternative løysingar og modellar.

Tilsette, arbeidsgrupper og sokneråd som ønsker det vert oppmoda til å koma med innspel til prosjektleiing og fellesnemnd.

Fellesnemnda tek sikte på å gjera vedtak i saka på sitt møte i november 2018.

**F - 24/2018 Møteplan hausten 2018**

I følge vedtatt møteplan er neste møte i fellesnemnda onsdag 14.november.

Det syner seg vanskeleg for delar av nemnda å gjennomføre møte denne dagen og forslag om ny møtedag er tysdag 20.november.

**Vedtak:**

Neste møte vert tysdag 20.november kl. 16.00 – 18.00, Møteplassen, Meland kyrkjekontor.

**F – 25/2018 Tilsetjing av kyrkjeverge**

Leiar Grethe Lunde orienterte og bad om at AU fekk fullmakt til å arbeide vidare med saka. Det er så langt avtalt individuelle møter mellom AU og kyrkjevergene. Når det kom til spørsmål om utlysing av stilling ville fellesnemnda ha saka tilbake før det vart tatt avgjerd. Leiar vil ta kontakt med KA for å få nødvendig råd og bistand.

**Vedtak:**

AU får fullmakt til å gå vidare med utgreiing i forhold til tilsetjing av kyrkjeverge. Kyrkjeleg fellesnemnd gjer vedtak i saka.

Manger, 13.09.2018

Audun Sylta